

## Bergensbanen i Grunnlagsdokumentet til Nasjonal transportplan 2018-2029



Forkjemparar for tog på strekninga Bergen-Oslo har all grunn til å vere nøgd med grunnlagsdokumentet til NTP. Forum Nye Bergensbanen går i dette notatet kort gjennom kva status er for prosjekta langs traséen.

Grunnlagsdokumentet til Nasjonalt transportplan (NTP) har nokre grunnleggjande moment. Det eine er bundne prosjekt. Dette er anten påbegynte eller svært nødvendige prosjekt. Ringeriksbanen er bunden som ein del av indre InterCity, medan E16 Stanghelle-Arna er bunden som følge av krav til tunnelane gjennom EU sitt tunneldirektiv.

Grunnlagsdokumentet presenterer fire ulike rammenivå: Lav, basis, middels og høg. For Bergensbanen og relaterte prosjekt er det liten forskjell mellom middels og høgt rammenivå. Rammenivåa er forøvrig på høvevis 47,8 milliardar, 59,7 milliardar, 71,7 milliardar og 77,7 milliardar. Dei årlege tala er som eit gjennomsnitt av planperioden 2018-2029.

Det finst to ulike prosjektporteføljar i grunnlagsdokumentet. Det eine er ei liste som rangerer ulike prosjekt ut frå samfunnsøkonomi. Ei utvida prosjektportefølje rangerer prosjekta ut frå samfunnsøkonomi, samfunnssikkerhet og samanhengande standard og utbygging.

Vedlikehaldsetterslepet vert handtert i grunnlagsdokumentet. Ved høg ramme vert etterslepet eliminert (18 mrd. kr.), ved middels ramme (10,9 mrd. kr.) vert det vesentlig redusert.

## Prosjektskildringar

Prosjekt som ikkje er sjølvforklarande, eller som ikkje er omtalt i tabellane vert trekt fram her.

### Godstiltak

Det er satt av 1 750 mill. kr. til godstiltak i korridor 5, som omhandlar Bergensbanen. 1 000 mill. kr. er til bygging/forlenging av 4-5 krysningsspor på strekninga Roa-Bergen. 400 mill. kr. er satt av i perioden 2018-21. 720 mill. kr. er satt av til å oppgradere terminalane på Nygårdstangen og Minde i Bergen. 220 mill. kr. av desse er satt av til perioden 2018-21. Dei resterande 30 mill. kr. er elektrifiseringstiltak på strekninga Hønefoss-Follum.

Det vert totalt sett gjort investeringar for 20 200 mill. kr. på godstiltak i perioden. Andre prosjekt enn dei som er spesielt omtalt her vil påverke Bergensbanen, som t.d. oppgradering av termingalen på Alnabru og bygging av krysningsspor på Gjøvikbanen.

I den utvida prosjektportefølja er 1 000 mill. kr til krysningsspor tatt ut.

### Rutemodell 2027 Vossebanen

R2027 er eit prosjekt som endrar togtilbodet og rutetidene. R2027 legg opp til at det på sikt vert avgangar opp mot seks gongar i timen på strekninga Arna-Bergen og fire gongar i timen på strekninga Voss-Bergen. R2027 vil gi innsparingar i tid for tog mellom Bergen og Myrdal på opptil 12 minutt, samt auke kapasiteten til godstrafikken.

### Fornyng av signalanlegg ERTMS

Dette systemet er ein felles europeisk standard, og baserer seg på toget sin faktiske posisjon nå det gjeld sending av køyreløyve, informasjon og hastighet, slik at behovet for lyssignal og informasjonsmerker langs sporet fell vekk. Den nasjonale ERTMS-utbygginga skal vere ferdig i 2030. Kostnadar til dette er ikkje spesifisert per korridor, men for korridor 5 (Bergensbanen) er det planlagt ferdigstilt i 2022-23.

### **Andre tiltak**

Investeringar i trådløst internett i tog på stasjonar, samt arbeid med eit samla billettsystem for «jernbanereiser og tilstøtende kollektivreiser» er omtalt i dokumentet. Investeringane i trådløst internett (og mobildekning, nødnett) er i middels og høg ramme lagt til 2,1 mrd. kr. I lav og middels ramme er tala høvevis 1,4 mrd. kr. og 1,6 mrd. kr. Investeringane er ikkje spesifisert på strekning. Billettsystemet er ikkje spesifisert ytterlegare.

**Tabell 1: Oversikt over prosjekt per ramme**

	Lav		Basis		Middels		Høg	
	Stat	Anna	Stat	Anna	Stat	Anna	Stat	Anna
<i>Arna-Bergen Dobbeltspor</i>	2 890		2 890		2 890		2 890	
<i>Vossebanen, plattformforlenging</i>	280		280		280		280	
<i>Bolstad, kryssingsspor</i>	110		110		110		110	
Godstiltak					1 750		1 750	
R2027 Vossebanen					1 090		1 090	
- <i>Stanghelle-Arna E16</i>	4 000	3 800	4 500	3 800	3 500	3 800	3 500	3 800
- <i>Stanghelle-Arna Bane</i>					9 300		9 300	
Stanghelle-Arna SUM	4 000	3 800	4 500	3 800	12 800	3 800	12 800	3 800
- <i>Voss-Stanghelle E16</i>							1 700	5 400
- <i>Voss-Stanghelle Bane</i>								
Voss-Stanghelle SUM							1 700	5 400
- <i>Ringeriksbanen</i>			10 000		20 100		20 100	
- <i>Skaret-Hønefoss E16</i>			3 000	2 000	5 400	3 200	5 400	3 200
<i>Ringeriksbanen SUM</i>			13 000	2 000	26 500	3 200	26 500	3 200

**Notar til tabellen:**

1. Bundne prosjekt er markert med utheva skrift.
2. Rutemodell 2027 Vossebanen ligg inne med 1 090 mill. frå basisramma og oppover i den utvida prosjektportefølja.
3. Godstiltaka ligg berre inne med 750 mill i middels og høg ramme i den utvida prosjektportefølja, mot 1 750 mill i ordinær ramme.
4. Dobbeltspor Arna-Stanghelle ligg berre inne i den prosjektportefølja som tar for seg meir enn berre samfunnsøkonomi. Det betyr at viss ein gjer ei rein prioritering ut frå samfunnsnytte, så vert ikkje K5 realisert for jernbana. Det er berre vegen som er definert som ein bunde prosjekt. Grunnlagsdokumentet er likevel klar på at ein skal planlegge for samtidig utbygging.
5. E39 Rådal-Arna (korridor 4) og E16 Arna-Vågsbotn (korridor 5) vert sett i samanheng med E16 Stanghelle-Arna.
  1. E39 Rådal-Arna ligg inne med 8 400 mill kr i høg ramme (50 % stat), i den ordinære portefølja.
  2. E16 Arna-Vågsbotn ligg inne med 3 900 mill kr i høg ramme (47,5 % stat), i den utvida prosjektportefølja.
6. På strekninga Voss-Stanghelle ligg berre vegen inne i grunnlagsdokumentet. Det er òg den einaste forskjellen mellom middels og høg ramme for desse prosjekta.

**Tabell 2: Prosjektliste fordelt på periode. (Utvida prosjektportefølje)**

Tabellen baserer seg på tabell 3e (s. 291) og 4d (s. 312-13), men er begrensa til middels og høg ramme. E16 Voss-Stanghelle ligg ikkje inne i denne tabellen.

	Middels				Høg			
	Statleg			Anna finans	Statleg			Anna finans
	18-21	22-23	24-29		18-21	22-23	24-29	
<i>Arna-Bergen Dobbeltspor</i>	2 680	210			2 680	210		
<i>Vossebanen, plattformforlenging</i>	280				280			
<i>Bolstad, kryssingsspor</i>	110				110			
Godstiltak	650	280	820		650	280	820	
R2027 Vossebanen	540	550			540	550		
- Stanghelle-Arna E16	500	2 500	500	3 800	500	2 500	500	3 800
- Stanghelle-Arna Bane	100	2 000	7 200		100	2 000	7 200	
Stanghelle-Arna SUM	600	4 500	7 700	3 800	600	4 500	7 700	3 800
- Ringeriksbanen	6 420	7 550	6 130		6 390	8 820	4 890	
- Skaret-Hønefoss E16			5 400	3 200		400	5 000	3 200
Ringeriksbanen SUM	6 420	7 550	11 530	3 200	6 390	9 220	9 890	3 200

**Notar til tabellen:**

1. Det er berre satt av 600 mill. kr. til oppstart av Stanghelle-Arna i perioden 2018-21.